

## **REFERAT FRÅ KFAU- SULDAL 21.02.2023**

Desse møtte: Kjersti Moe, Arve Herabakka, Atle Tveita, Marita Maldal, Sveinung Nessa, Elin T. Sørestad, Britt Elin Håranes- rådgjevar Oppvekst. Via Teams: Ole Jørgen Nøstbakken og Karl Johan Heimark

### **Sak 1 2022/2023: Godkjenning av sakliste**

Ingen merknadar

### **Sak 2 2022/2023: Rolleavklaring og forventningsavklaring**

KFau har ei eiga nettside, foreldre kan abonere på denne sida. Kjersti (leiar) har fått tilgang på denne sida omsider, det må gis tilgong til neste leiar til hausten. Her legg leiar inn sakliste og referat.

Kjersti les opp vedtekten for KFau si rolle dei er vedtatt 25.03.03 og reviderte 13.11.17. Desse bør ein ta opp til drøfting i fau ved den enkelte skulen. Eventuelle endringar må gjerast på Årsmøtet til KFau som skal vera før 1. oktober.

Viktig at konstituering av Fau ved den enkelte skule skjer i god tid før 1.oktober. Rektor ved den enkelte skulen må få tilsendt vedtekten og referat frå møter i KFau.

Administrasjon var med på dette møtet og dei ser nytteverdien av å vera deltagande på møta til KFau, det er med og styrker samarbeidet. Dei vil ha eventuelle spørsmål fau måtta ha til administrasjonen i forkant av møta.

### **Sak 3 2022/2023: Symjeopplæring (oppfølging av sak sist KFau møte i november)**

Kjersti har snakka med Oppvekstsjefen, ho informerte om at budsjettet til skyss til symjeopplæring til den enkelte skule har auka. Det er den enkelte rektor som har ansvar for organisering av symjeopplæringa, det er måla i læreplanen som skal styre opplæringa.

Kommunestrukturen gjer at det ikkje kan bli heilt likt for alle skulane i kommunen, kjøring tek tid vekk frå andre fag.

### **Sak 4 2022/2023: framtidas oppvekst i Suldal**

Britt Elin informerte om arbeidet administrasjonen skal i gong med for å få til ein berekraftig barnehage- og skulestruktur i Suldal.

Bakgrunn for dette arbeidet er utfordringar som nedgong i barnetal, nok kompetanse (spesielt i skulen slit ein med å få kvalifisert personal), hyppige leiarskifter.

No vil administrasjonen i løpet av eit år vitje alle barnehagar og skular i alle grender for å få brei involvering. Dei vil ha eit informasjon- og idemøte der dei presentere tal og fakta, moglegheiter og utfordringar. Dei vil involvera både foreldre, tilsette og elevar.

Etter innspel frå dei ulike grendene vil ei arbeidsgruppe legge fram eit forslag om korleis ein kan få ein berekraftig barnehage- og skulestruktur for den enkelte grenda og heile kommunen.

#### **Sak 5 2022/2023: Tema Nettvett**

Marvik skule har hatt foreldrekveld med tema Nettvett, bør det vera ein felles temakveld for heile kommunen. KFau drøfta dette og kom fram til at det er eit viktig tema som bør ha fokus og må haldast varmt, det er ikkje så lenge sidan det var eit felles foreldremøte om dette. Erfaring er at det ikkje er veldig godt oppmøte på slike felles foreldrekveldar. Det er kanskje meir effektfullt å ta det opp i foreldremøter i den enkelte klasse. Ein anna enkel måte for å nå alle er å legge lenke til t.d. Barnevakten på transponder.

#### **Sak 6 2022/2023: Utfordring med mangel på lærar**

Korleis møte og løyse utfordrande bamanningsituasjon. Forslag som vart nemde: fast vikar, vikarpool, vera tidlege med stillingsutlysing, selga Suldal kommune- visa fram kva Suldal kan tilby, samarbeide med fleire bedrifter, billige kommunale bustadar. Administrasjonen arbeider med rekruttering.

#### **Sak 7 2022/2023: Ymse**

Usikkert om det vert fleire møter i KFau denne våren, det kan komme innkalling om det dukkar opp aktuelle saker.

Skrivar: Elin T. Sørestad